


# Jøronnatten



Turen til Røksbufjellet og Jøronnatten er turen for dei som likar fysiske utfordringar og vakker, vill og storslått natur. Høge nutar, praktfull utsikt, fine fiskevatn og ville gjel med fossar og stup møter deg på turen. Jøronnatten (1276 moh.) er ein av dei høgaste toppane på Lifjell, og denne innfallsporten er den raskaste til det sentrale høgfjellsområdet på fjellet.

## Rundturen

Stien følgjer traktorvegen opp Røytejuvliene til Smylestul der den deler seg i to. Stien til høgre går inn Valjuvet. Tek du til venstre fører, stien deg over Geiteberget, inn i Langetjønndalen, fram til Langetjønnefossen og Langetjønne. Derifrå er det ikkje langt opp Langetjønne og fram til Åstul der stien deler seg på nytt. Vil du til toppen av Jøronnatten, må du ta stien til venstre. Som takk for strevet får du ei strålende utsikt i alle retningar. Tilbaketuren bør du legge om Holmen og Valjuvet tilbake til Smylestul og parkeringsplassen ved Røytejuvvegen. Ved utløpsoset frå Holmen ligg restane etter ein dam som blei bruka til å samle opp fløytingsvatn til Juvsåa lenger nede.

## Røksbufjellet

For dei som ønskjer å gå utanom merkte stiar, kan vi tilrå ein tur over Røksbufjellet der Repetjønne lyser opp i landskapet og byr på fine rasteplassar. Under Valjuvsnatten ligg Valjuvshola. Segna fortel at ein hund forvilla seg inn i hola og kom ut igjen i Hjartdal - men da var pelsen svidd!



Frå Langetjønne. (Foto: Arne Hjeltmes)



Utsikt mot Holmen (Foto Arne Hjeltmes)

## Fiske

Bø Fiskelag har lagt ned eit stort arbeid med å kalke og kultivere fiskevatna på Lifjell. Både Langetjønne, Repetjønne, Småholmen, Holmen og Kloppsteintjønne har god aure- bestand. I Jøronnattjønne finst det røye. Fiskelaget har små, trivelege medlemshytter både ved Holmen og Småholmen.

## Fugleliv

Både Falkefjell og Valjuvsnatten er gamle hekkeplassar for falk. Ramn finn du derimot i heile fjellheimen. Heipiplerka, steinskvett og ringtrost er vanlege arter over skoggrensa. Strandsnipa finn du langs vatn og vassdrag, den pip frå steinar og vippar karakteristisk med stjerten. I juni kan du høre gauken både titt og ofte. Orrfugl og lirype kan ein sjå både i skogbandet og på snaufjellet.

## Stulsdrift

Namn på kartet fortel at det har vore mange stular rundt Røksbufjellet slik som elles på Lifjell. Men det var ikkje rom for alle, og mange måtte difor sende buskapen på sommararbeite lengre oppover i Telemark, ja heilt opp til Bykle og Rauland. Ein av driftevegane gjekk forbi Langetjønne, og under Langetjønnefossen ligg restane etter ei bu som skal ha vore nytta i samband med den årlege fedrifta.

**Turlengd:** Heile runden ca 12 km. Gåtid 4-5 timar  
**Høgdeforskjell:** 750 meter  
**Vanskegrad:** Tung tur i kupert fjellterreng.